

Erindringer om bergingsarbeid på havet

*Fortalt av Sevrin Guttormson Ulla (1857-1935)
Notatar nedskrivne av: Gustav S. Ulla*

Fyrste gongen eg berga eit ottrings-båtlag, var eit år i torskefiskja. Hans O.Bjørnøy kollsiglde seg innafor Flemsbåen. Vid det høvet var det ein av mannskapet som kom burt. Ein gut frå Fiskarstranda, Sula. Då dei var berga som kunne bergast, gjekk Hans Bjørnøy fram i framskuten på båten vår og takka Gud for at so mange av mannskapet og han sjølv vart berga frå ei våt grav den dagen. Når eg møtte hans ved ymse høve seinare, vart det alltid so kjærkome for han å få tala med meg."

Andre gongen eg berga eit ottrings-båtlag, var på fiskefeltet, ikkje så langt ifrå der vegna vår stod. Dei som kollsiglde den gongen var Hurlenkarane Sevrin, Johan og Ole Hurlen. Det vart ei stund før me nådde fram til dei, og ein av karane var omkomen når me kom til kvelvet. Den umkomne var Sevrin Hurlen, Risnes-Sevrin. Han sumde kring dei andre som i raseri. Han var utdanna underoffiser. Johan Hurlen flaut på eit dubbel og var komen noko frå dei andre. Johan vart berga av Andreas Flem. Det vart ei kald sigling inn mot land, for me laut overlata av kleda våre til dei karane som hadde vore i sjøen. Og dei hadde skrekk for at me sigla for hardt.

Tredje gongen eg var med og berga folk i havsnaud var utanfor Ullasundet. Det var Jetmund Hellandsvik som var ute på ein trerøring, eller litt mindre båt. Så vidt eg hugsar var dei 3 mann ombord, og alle vart berga.

Fjerde gongen eg berga folk i havsnaud var eg utanfor Ullasundet. Det var Johannes Jensen Austnes og ein mann til som hadde vore ute på færing og fiska. Begge vart berga.

Ein dag om hausten, truleg i 1893, me var ute og fiska, var det to menn frå Sæt som hadde kollsigd seg, den gongen fekk me ikkje berga nokon. Fyrvoktaren på Kvernholmen viste flagg og signal-kule. Me hadde ein trerøring og rodde ikring lenge på det området det kunne vere von om å finna dei, men me såg ingenting. Og det var med største livsføre å fortsette leitinga i det veret.

Kring 1880 var det ei lasta sildejakt som kom drivande inn over Flemsbåen. Mannskapet hadde forlate skuta. Sevrin Guttormsen Ulla drøymde om natta at det kom ein havarist innunder land. Om morgonen når han fekk kleda på seg og kom utom Ullatunet, fekk han sjå ei lasta jakt som låg og dreiv ved Flemsbåen, og alt kunne tyde på at skuta var folketom. Ullakarane reiste straks utover, og fekk sett segl så pass at dei kom seg inn til Nogva. Der var dei opp til lensmannen og varsla om forliset. Dei som var i land var Sevrin Guttormsen Ulla og Salamond Aakre, som tente med Guttorm Ulla. Det vart frambore rikeleg både med øl og mat til desse to karane. Dette var ein nyårsdag, og dei passerte Lepsøyrevet på den tid folk reiste til kyrkje. Når dei kom til Aalesund overgav dei saka til ein sakfører som tok bergarane sine interesser i forsvar.